



DET KONGELEGE
ARBEIDS- OG INKLUDERINGSDEPARTEMENT

St.prp. nr. 14

(2006–2007)

Om endringer av løyvingar på statsbudsjettet for 2006 under Arbeids- og inkluderingsdepartementet

*Tilråding frå Arbeids- og inkluderingsdepartementet av 24. november 2006,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Stoltenberg II)*

1 Innleiing

Arbeids- og inkluderingsdepartementet legg i denne proposisjonen fram forslag om endringer av løyvingane under enkelte kapittel under programområde 09 Sosiale formål på statsbudsjettet, endringer av løyvingane under programområde 29 Sosiale formål, folketrygda, programområde 33 Arbeidsliv, folketrygda og inntektene under folketrygda for 2006.

Dei reviderte overslaga for folketrygdas utgifter og inntekter i 2006 bygger i hovudsak på tal frå rekneskap pr. 30. september 2006. Berekningsgruppa for folketrygda, som gjer anslag for regelstyrte ordningar under Arbeids- og inkluderingsdepartementet sine programområde 09, 29 og 33, programområde 30 Helsevern, folketrygda under Helse- og omsorgsdepartementet, fødselspengar og adopsjonspengar under Barne- og likestillingsdepartementet, har sett på overslaga i møte

17. oktober 2006. Forslag til endringer i løyvingar som vedkjem Arbeids- og inkluderingsdepartementet sine område, er med mindre avrundingar m.m. basert på overslag i Berekningsgruppa. Dei andre departementa fremmar eventuelle forslag om endringer i sine proposisjonar.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet fremmar forslag om å auke løyvingane under utgiftskapitla under programområde 09 Sosiale formål med 2 194,5 mill. kroner, å setje ned løyvingane under programområde 29 Sosiale formål, folketrygda med 2 942,9 og å setje ned løyvingane under programområde 33 Arbeidsliv med om lag 1 898,1 mill. kroner. Samla gjer Arbeids- og inkluderingsdepartementet framlegg om at løyvingane under utgiftskapitla blir sett ned med 2 646,7 mill. kroner. Arbeids- og inkluderingsdepartementet gjer framlegg om å sette ned løyvinga for inntekter under inntektskapitla med om lag 65,6 mill. kroner.

2 Forslag under dei enkelte kapitla

Kap. 600 Arbeids- og inkluderingsdepartementet (jf. kap. 3600)

(1000 kr)					
Post	Namn	Rekneskap 2005	Løyving 2006	Forslag 2006	Meirutgift (+) Mindreutgift (-)
01	Driftsutgifter	123 251	188 632	191 832	3 200

Den nye Arbeids- og velferdsetaten er starta frå 1. juli 2006. Arbeids- og inkluderingsdepartementet gjer framlegg om at løyvingane som ikkje er nytta under kap. 630 Arbeidsmarknadsetaten og kap. 2600 Trygdeetaten per 1. juli 2006 blir ført opp under nytt kap. 605 Arbeids- og velferdsetaten.

Post 01 Driftsutgifter

Meirbehovet på posten skyldes i all hovudsak utgifter til Graverkommisjonen og oppfølging av denne.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet gjer framlegg om å auke løyvinga under kap.600, post 01 Driftsutgifter med 3,2 mill. kroner. Forslaget fremmast mot inndekning på kap. 620, post 21 Spesielle driftsutgifter, jf. omtalen nedanfor.

Kap. 604 NAV- reform og pensjonsreform

(1000 kr)					
Post	Namn	Rekneskap 2005	Løyving 2006	Forslag 2006	Meirutgift (+) Mindreutgift (-)
21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan overførast, kan nyttas under post 45</i>	12 539	306 500	318 600	12 100
45	Større nyskaffingar og vedlikehald, <i>kan overførast, kan nyttas under post 21</i>	11 977	390 000	483 000	93 000
Sum endringar					105 100

Den nye Arbeids- og velferdsetaten er starta frå 1. juli 2006. Arbeids- og inkluderingsdepartementet gjer framlegg om at løyvingane som ikkje er nytta under kap. 630 Arbeidsmarknadsetaten og kap. 2600 Trygdeetaten per 1. juli 2006 blir ført opp under nytt kap. 605 Arbeids- og velferdsetaten.

Post 21 Spesielle driftsutgifter, kan overførast, kan nyttas under post 45

Løyvinga på denne posten er i år 306,5 mill. kroner av ei samla løyving til NAV-reforma på 696,5 mill. kroner. Løyvinga kan ikkje overførast. Ein gjennomgang syner at einskilde prosjekt er komne i gong noko seinare enn planlagt. Samstundes gjer forsinka fakturering at betaling først vil skje i neste budsjettermin. Dette er heilt normalt innanfor ei så omfattande reform. Reforma vil halde fram til 2010. Dette krev at løyvinga for eit budsjettår også kan nyttast i budsjettår som følgjer. Ein vil derfor gjere framlegg om å gjere løyvinga mogleg å overføra.

Løyvinga til IKT-investeringar til pensjonsreforma i 2006 på 132,1 mill. kroner er ført på kap. 2600, post 01 Driftsutgifter. Av dei 132,1 mill. kro-

ner blir 12,1 mill. kroner foreslått ført opp under kap. 604, post 21 Spesielle driftsutgifter. Løyvinga blir sett tilsvarende ned under kap. 2600, post 01 Driftsutgifter.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet gjer framlegg om å auke løyvinga til 318,6 mill. kroner på kap. 604, post 21 Spesielle driftsutgifter.

Post 45 Større nyskaffingar og vedlikehald, kan overførast, kan nyttast under post 21

I St.prp. nr. 42 (2005-2006) Tilleggsloøyving til NAV-reforma i 2006 blei løyvinga under kap. 604, post 45 Større nyskaffingar og vedlikehald auka med 325 mill. kroner til 390 mill. kroner. Då ein vurderte behovet for løyvinga, blei det ikkje tatt omsyn til overføring av løyving frå 2005. Ein vil derfor gjere framlegg om å setje ned løyvinga med 27 mill. kroner.

Av dei 132,1 mill. kroner som blei løyvde til IKT-investeringar til pensjonsreforma på kap. 2600, post 01 Driftsutgifter blir 120 mill. kroner foreslått ført opp under kap. 604 post, 45 Større nyskaffingar og vedlikehald. Løyvinga blir sett tilsvarende ned under kap. 2600, post 01 Driftsutgifter.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet gjer framlegg om å auke løyvinga under kap. 604 post,

45 Større nyskaffingar og vedlikehald på i alt 483 mill. kroner.

Kap. 605 Arbeids- og velferdsetaten

(1000 kr)

Post	Namn	Rekneskap 2005	Løyving 2006	Forslag 2006	Meirutgift (+) Mindreutgift (-)
01	Driftsutgifter			3 248 935	3 248 935
21	Spesielle driftsutgifter			9 280	9 280
45	Større nyskaffingar og vedlikehald, <i>kan overførast</i>			94 255	94 255
	Sum endringar				3 352 470

Den nye Arbeids- og velferdsetaten er starta frå 1. juli 2006. Arbeids- og inkluderingsdepartementet gjer framlegg om at løyvingane som ikkje er nytta under kap. 630 Arbeidsmarknadsetaten og kap. 2600 Trygdeetaten per 1. juli 2006 blir ført opp under nytt kap. 605 Arbeids- og velferdsetaten.

Post 01 Driftsutgifter

Departementet sitt framlegg til løyving gjeld restløyvinga per 30.6.2006 under kap. 630, post 01 Driftsutgifter på 1 046,239 mill. kroner, og restløyvinga under kap. 2600, post 01 Driftsutgifter på 2 201,696 mill. kroner. Vidare er det ført opp 1 mill. kroner frå Samferdselsdepartementet sitt kap. 1301, post 71 for å styrke arbeidet med forsøk med arbeids- og utdanningsreiser for funksjonshemma. Til saman gjer Arbeids- og inkluderingsdepartementet framlegg om å løyve 3 248,935 mill. kroner under kap. 605, post 01 Driftsutgifter.

Post 21 Spesielle driftsutgifter

Kap. 620 Utredningsverksemd, forskning m.m

(1000 kr)

Post	Namn	Rekneskap 2005	Løyving 2006	Forslag 2006	Meirutgift (+) Mindreutgift (-)
21	Spesielle driftsutgifter	72 113	77 979	74 779	-3 200

Post 21 Spesielle driftsutgifter

Arbeids- og inkluderingsdepartementet gjer framlegg om å redusere løyvinga under kap. 620, post

Arbeids- og inkluderingsdepartementet sitt framlegg til løyving gjeld restløyvinga per 30.6.2006 under kap. 2600, post 21 Spesielle driftsutgifter på 9,28 mill. kroner.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet gjer framlegg om å auke løyvinga under kap. 605, post 21 Spesielle driftsutgifter på i alt 9,28 mill. kroner.

Post 45 Større nyskaffingar og vedlikehald, kan overførast

Arbeids- og inkluderingsdepartementet sitt framlegg til løyving gjeld restløyvinga per 30.6.2006 under kap. 630, post 45 Større nyskaffingar og vedlikehald på 4,845 mill. kroner, samt restløyvinga under kap. 2600, post 45 Større nyskaffingar og vedlikehald på 89,410 mill. kroner.

Samla gjer Arbeids- og inkluderingsdepartementet framlegg om å løyve 94,255 mill. kroner under kap. 605, post 45 Større nyskaffingar og vedlikehald.

21 Spesielle driftsutgifter med 3,2 mill. kroner, jf. omtalen under kap. 600 Arbeids- og inkluderingsdepartementet.

Kap. 630 Aetat

(1000 kr)					
Post	Namn	Rekneskap 2005	Løyving 2006	Forslag 2006	Meirutgift (+) Mindreutgift (-)
01	Driftsutgifter	2 247 562	2 242 554	1 196 315	-1 046 239
21	Spesielle driftsutgifter	10 310	2 000	3 444	1 444
45	Større nyskaffingar og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	48 705	51 500	46 655	-4 845
Sum endringar					-1 049 640

Den nye Arbeids- og velferdsetaten er starta frå 1. juli 2006. Arbeids- og inkluderingsdepartementet gjer framlegg om at løyvingane som ikkje er nytta under kap. 630 Arbeidsmarknadsetaten og kap. 2600 Trygdeetaten per 1. juli 2006 blir ført opp under nytt kap. 605 Arbeids- og velferdsetaten.

Post 01 Driftsutgifter

Under kap. 630 Aetat, post 01 Driftsutgifter er det løyvd 2 201 mill. kroner for 2006. Vidare er løyvinga auka med 41,554 mill. kroner som følgje av lønsoppgjer per 1. mai 2006. Til saman er det løyvd 2 242,554 mill. kroner, og av dette beløpet er 1 196,315 mill. kroner utgiftsført per 30. juni 2006. Restbeløpet på 1 046,239 mill. kroner foreslås ført opp under kap. 605 Arbeids- og velferdsetaten for 2006.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet gjer framlegg om å redusere løyvinga under kap. 630, post 01 Driftsutgifter med 1 046,239 mill. kroner.

Post 21 Spesielle driftsutgifter

Under kap. 630 Aetat, post 21 Spesielle driftsutgifter er det løyvd 2 mill. kroner for 2006, og det er utgiftsført kroner 3,444 mill. kroner per 30. juni 2006. Meirutgiftene foreslås dekket inn under kap. 634, post 21 Evaluering, utviklingstiltak m.v.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet gjer framlegg om å auke løyvinga under kap. 630, post 01 Driftsutgifter med 1,444 mill. kroner.

Post 45 Større utstyrsanskaffelser og vedlikehald, kan overførast

Under kap. 630 Aetat, post 45 Større utstyrsanskaffelser og vedlikehald er det løyvd 51,5 mill. kroner for 2006, og det er utgiftsført kroner 46,655 mill. kroner per 30. juni 2006. Restbeløpet på 4,845 mill. kroner foreslås ført opp under kap. 605 Arbeids- og velferdsetaten, post 45 Større utstyrsanskaffelser og vedlikehald.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet gjer framlegg om å redusere løyvinga under kap. 630, post 45 Større utstyrsanskaffelser og vedlikehald med 4,845 mill. kroner.

Kap. 3630 Ymse inntekter

					(1000 kr)
Post	Namn	Rekneskap 2005	Løyving 2006	Forslag 2006	Meirinntekt (+) Mindreinntekt (-)
80	Innfordra misbruk av dagpengar	59 706	35 600	76 000	40 400
81	Innfordra feilutbetalte attføringsytingar	14 097	11 100	22 000	10 900
Sum endringar					51 300

Post 80 Innfordra misbruk av dagpengar

For 2006 er det budsjettert med inntekter på 35,6 mill. kroner under kap. 3630, post 80 Innfordra misbruk av dagpengar.

På bakgrunn av innbetalningar hittil i år, gjer Arbeids- og inkluderingsdepartementet framlegg om å auke løyvinga under kap. 3630, post 80 Innfor-

dra misbruk av dagpengar med 40,4 mill. kroner til 76 mill. kroner.

Post 81 Innfordra feilutbetalte attføringsytingar

For 2006 er det budsjettert med inntekter på 11,1 mill. kroner under kap. 3630, post 81 Innfordra feilutbetalte attføringsytingar.

På bakgrunn av innbetalningar hittil i år, gjer Arbeids- og inkluderingsdepartementet framlegg om å auke løyvinga under kap. 3630, post 81 Innfor-

dra feilutbetalte attføringsytningar med 10,9 mill. kroner til 22 mill. kroner.

Kap. 634 Arbeidsmarknadstiltak (jf. kap. 3634)

					(1000 kr)
Post	Namn	Rekneskap 2005	Løyving 2006	Forslag 2006	Meirutgift (+) Mindreutgift (-)
21	Evaluering, utviklingstiltak m.v., <i>kan overførast</i>	27 158	28 800	25 100	-3 700
71	Spesielle arbeidsmarknadstiltak, <i>kan overførast</i>	3 087 263	3 505 000	3 290 000	-215 000
74	Lønssubsidium ved reaktivisering, <i>overslagsløyving</i>	11 508	90 000	20 000	-70 000
Sum endringar					-288 700

Post 21 Evaluering, utviklingstiltak m.v., kan overførast

For 2006 er det i alt løyvd 28,8 mill. kroner til forskning og utgreiing.

Ein anslår eit mindreforbruk på om lag 3,7 mill. kroner. Årsaka til mindreforbruket er at det blir gjennomført færre prosjekt enn planlagt tidlegare i år. Det har samanheng med at nokre prosjekt er forsinka og at forskingsinstitutta ikkje har hatt tilstrekkeleg kapasitet til å ta på seg oppdrag. Reduksjonen i løyvinga skal også bidra til å redusere omfanget av overføringar mellom budsjettår.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet gjer framlegg om å redusere løyvinga under kap. 634, post 21 Forsking og utgreiing med 3,7 mill. kroner til 25,1 mill. kroner.

Post 70 Ordinære arbeidsmarknadstiltak

I 2006 vil gjennomføringa av ordinære arbeidsmarknadstiltak bli om lag 1 000 plassar lågare enn det planlagde nivået på gjennomsnittleg om lag 12 500 ordinære plassar. Årsaka er mellom anna at talet på ventestønadmottakarar vart lågare enn forventet. Trass i den låge gjennomføringa, er det for heile året venta at løyvinga under kap. 634, post 70 Ordinære arbeidsmarknadstiltak vert nytta fullt ut. Bakgrunnen er mellom anna noko høgare gjennomsnittleg pris på dei ordinære arbeidsmarknadstiltaka enn kva som låg til grunn for løyvinga.

Post 71 Spesielle arbeidsmarknadstiltak, kan overførast

I 1. halvår 2006 blei det gjennomført om lag 600 fleire tiltaksplassar for yrkeshemma enn det planlagde nivået på om lag 26 300 plassar. I perioden juli-oktober var gjennomføringa lågare enn plan-

lagd. I 2. halvår 2006 er det no venta ei gjennomføring på om lag 26 100 plassar for yrkeshemma. Dette er om lag 1 200 færre plassar enn det planlagde nivået på om lag 27 300 plassar.

Departementet ser alvorleg på at det kan bli gjennomført om lag 1200 færre plassar enn det planlagte nivået for yrkeshemma i 2. halvår 2006. Departementet har drøfta situasjonen med Arbeids- og velferdsetaten og har i brev til etaten gitt uttrykk for at ein er lite nøgd med den manglende måloppnåinga under arbeidsmarknadstiltak for yrkeshemma. Trass i dette vurderer Arbeids- og velferdsdirektoratet det ikkje som realistisk å realisere det planlagde målalet i denne perioden. I følgje Arbeids- og velferdsetaten er den viktigaste årsaka til underproduksjonen krevjande organisatoriske endringar i samband med etableringa av den nye arbeids- og velferdsforvaltninga. Departementet meiner at gjennomføring av planlagt nivå for arbeidsmarknadstiltaka er svært viktig. Departementet vil derfor i samråd med etaten sjå nærare på rammevilkåra rundt dette.

I lys av den låge gjennomføringa i byrjinga av 2. halvår 2006 blei det satt i gang et arbeid i Arbeids- og velferdsetaten for å auke talet på yrkeshemma i arbeidsmarknadstiltak i 2. halvår 2006, m.a. ved økt leiarfokus i fylka. Dette vil medverke til at ein ved utgangen av året bør komme opp på eit tiltaksnivå som vil vere eit godt utgangspunkt for å nå det planlagde målalet for 2007 på om lag 28 000 plassar for yrkeshemma, jf. forslag i statsbudsjettet for 2007.

På bakgrunn av dette foreslår Arbeids- og inkluderingsdepartementet at løyvinga under kap. 634, post 71 Spesielle arbeidsmarknadstiltak blir redusert med 120 mill. kroner. I tillegg foreslår

departementet at løyvinga blir redusert med 95 mill. kroner mellom anna som følge av lågare bruk av tilsegnsmakter enn ein rekna med i samband med gjennomføring av arbeidsmarknadstiltak for yrkeshemma i 2005.

Samla foreslår Arbeids- og inkluderingsdepartementet at løyvinga under kap 634, post 71 Spesielle arbeidsmarknadstiltak blir redusert med 215 mill. kroner.

Post 74 Lønssubsidium ved reaktivisering, overslagsløyving

Ordninga med lønstilskott ved reaktivisering av uførepensjonistar starta opp 1. januar 2002, medan ordninga med uførepensjon som lønstilskott blei innført som eit forsøk i fem fylke frå 1. januar 2005. For 2006 er det i alt løyvd 90 mill. kroner.

Løyvinga blir foreslått justert ned med 70 mill. kroner til 20 mill. kroner. Årsaka til reduksjonen er

at aktiviteten på desse tiltaka så langt i år har vore lågare enn ein rekna med. Trass i eit omfattande informasjonsarbeid frå tidligare Aetat og trygdeetat, har det vist seg vanskeleg å rekruttere uførepensjonistar til ordningane. Manglande interesse hos uførepensjonistane og manglande økonomiske insentiv ser ut til å være dei viktigaste årsakene til at ordninga har så lågt omfang. For nokre uførepensjonistar oppnå liten økonomisk gevinst ved å jobbe, og for mange vil ordninga ha ein økonomisk risiko ved at framtidig uførepensjon kan bli redusert eller faller bort. Det er òg mange deltakarar og arbeidsgivarar som er usikre på konsekvensane av å gå inn på ordninga med uførepensjon som lønstilskott.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet gjer framlegg om å redusere løyvinga under kap. 634, post 74 Lønssubsidium ved reaktivisering med 70 mill. kroner til 20 mill. kroner.

Kap. 3634 Arbeidsmarknadstiltak (jf. kap. 634)

					(1000 kr)
Post	Namn	Rekneskap 2005	Løyving 2006	Forslag 2006	Meirinntekter (+) Mindreinntekter(-)
02	Opplæringstenester	22 141	1 950	20 000	18 050

Post 02 Opplæringstenester

For 2006 er det budsjetttert med inntekter på 1,950 mill. kroner under kap. 3634, post 02 Opplæringstenester.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet gjer framlegg om å auke løyvinga under kap. 3634, post 02 Opplæringstenester med 18,050 mill. kroner til 20 mill. kroner. Auken har samband med inntektene knytte til sal av kurs til Oppland fylkeskommune i samband med forsøket «Fritt Fram».

Kap. 635 Venteløn (jf. kap. 3635)

					(1000 kr)
Post	Namn	Rekneskap 2005	Løyving 2006	Forslag 2006	Meirutgifter (+) Mindreutgifter(-)
01	Driftsutgifter, overslagsløyving	448 662	428 000	390 000	-38 000

Post 01 Driftsutgifter, overslagsløyving

For 2006 er det i alt løyvd 420 mill. kroner til utbetaling av venteløn.

Det er forventa lågare tilstrøyming av ventelønsmottakarar frå selskap som Posten, NSB og Telenor. Ingen av desse verksemdene har lenger høve til å seie opp tilsette med overgang til vente-

løn. Det er venta at denne utviklinga kombinert med ei generell betring på arbeidsmarknaden vil redusere tilgangen på nye ventelønsmottakarar.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet gjer framlegg om å redusere løyvinga under kap. 635, post 01 Driftsutgifter med 38 mill. kroner til 382 mill. kroner.

Kap. 3635 Venteløn (jf. kap. 635)

(1000 kr)

Post	Namn	Rekneskap 2005	Løyving 2006	Forslag 2006	Meirinntekter (+) Mindreinntekter (-)
01	Refusjon statleg verksemd	101 948	105 000	95 000	- 10 000

Post 01 Refusjon statleg verksemd

For 2006 er det budsjettert med refusjon frå statlege verksemdar på i alt 105 mill. kroner. Som følge av ein lågare tilstrømming av ventelønsmottakarar enn venta, er omfanget av refusjonar noko

lågare enn budsjettert for 2006, jf. også omtale under kap. 635 Venteløn.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet gjer framlegg om å redusere løyvinga under kap. 3635, post 01 Refusjon statleg verksemd med 10 mill. kroner til 95 mill. kroner.

Kap. 642 Petroleumstilsynet (jf. kap. 3642)

(1000 kr)

Post	Namn	Rekneskap 2005	Løyving 2006	Forslag 2006	Meirutgift (+) Mindreutgift (-)
21	Spesielle driftsutgifter	15 587	13 400	18 600	5 200

Post 21 Spesielle driftsutgifter

Løyvinga for 2006 er 13,4 mill. kroner.

Dei seinare år har Petroleumstilsynet opplevd ein forholdsvis stor avgang av personell. Stor etterspørsel etter kvalifisert arbeidskraft i petroleumsnæringen har også ført til at rekruttering har vore vanskeleg og tar lang tid. Petroleumstilsynet har og vil derfor vere nøydt til å nytta eksterne konsulentar til oppgåver dei normalt ville utført sjølv. Petroleumstilsynet har og sett behov for å sette i

gang nokon fleire prosjekt retta mot næringen enn først tenkt.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet gjer framlegg om å auke løyvinga under kap. 642, post 21 Spesielle driftsutgifter med 5,2 mill. kroner, frå 13,4 til 18,6 mill. kroner.

Desse utgiftene refunderast av operatørselskapa, jf. forslag til auking under kap. 3642, post 03 Refusjon av tilsynsutgifter.

Kap. 3642 Petroleumstilsynet (jf. kap. 642)

(1000 kr)

Post	Namn	Rekneskap 2005	Løyving 2006	Forslag 2006	Meirinntekt (+) Mindreinntekt (-)
03	Refusjon av tilsynsutgifter	63 679	55 700	66 700	11 000

Post 03 Refusjon av tilsynsutgifter

Løyvinga for 2006 er 55,7 mill. kroner.

Løyvinga dekkar refusjon av utgifter Petroleumstilsynet har som følge av tilsyn med næringen. Inntektene aukar på grunn av meir bruk av eksterne konsulentar i tilsyn enn planlagt, jf. omtale under kap. 642, post 21 Spesielle driftsutgifter. Det arbeidet som konsulentane skal gjere vil vere refunderbart frå næringen.

Samstundes har Petroleumstilsynet gjennomført og utfakturert fleire tilsynstimar i 2006 enn planlagt. Aukinga er ikkje basert på nye oppgåver, men meir tid på enkelte tilsyn.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet gjer framlegg om å auke løyvinga under kap. 3642, post 03 Refusjon av tilsynsutgifter med 11 mill. kroner, frå 55,7 til 66,7 mill. kroner.

Kap. 643 Statens arbeidsmiljøinstitutt (jf. kap. 3643)

(1000 kr)

Post	Namn	Rekneskap 2005	Løyving 2006	Forslag 2006	Meirutgift (+) Mindreutgift (-)
50	Statstilskott	84 448	78 800	79 400	600

Post 50 Statstilskott

Løyvinga for 2006 er 78,8 mill. kroner.

Statens arbeidsmiljøinstitutt (STAMI) har ein del nye utfordringar knytte til økonomistyring og regnskapsføring etter omdanninga til nettobudsjettet forvaltningsorgan i 2005. For å sikre betre regnskapsgjennomføring er det ønskelig at STAMI blir fullservicekunde hos Statlig Senter for Økono-

mistyring (SSØ) så snart SSØ har kapasitet til å ta over. Det gjerast framlegg om å auke løyvinga med 0,6 mill. kroner for å medverka til dette.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet gjer framlegg om å auke løyvinga under kap. 643, post 50 Statstilskott med 0,6 mill. kroner, frå 78,8 til 79,4 mill. kroner.

Kap. 646 Pionerdykkarane i Nordsjøen

(1000 kr)

Post	Namn	Rekneskap 2005	Løyving 2006	Forslag 2006	Meirutgift (+) Mindreutgift (-)
70	Tilskott til pionerdykkarane, <i>overslagsløyving</i>	136 767	12 400	80 000	67 600

Post 70 Tilskott til pionerdykkarane, overslagsløyving.

Løyvinga for 2006 er 12,4 mill. kroner.

Det har kome inn langt fleire søknader enn venta i 2006. Rett før søknadsfristens utløp 1. juli 2006, kom 80 nye søknader om kompensasjon og oppreising. Nemnda som behandlar søknadene, har estimert at ca. 20 av dei nye søknadene vil

kome til utbetaling i 2006. Dette fører til eit samla behov for 2006 på ca. 80 mill. kroner, jf. omtale under same kapittel i St.prp. nr. 1 for 2007.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet gjer framlegg om å auke løyvinga under kap. 646, post 70 Tilskott til pionerdykkarane med 67,6 mill. kroner, frå 12,4 til 80 mill. kroner.

Kap. 651 Busetting av flyktningar og tiltak for innvandrarar (jf. kap. 3651)

(1000 kr)

Post	Namn	Rekneskap 2005	Løyving 2006	Forslag 2006	Meirutgift (+) Mindreutgift (-)
60	Integreringstilskott, <i>kan overførast</i>	2 853 431	2 718 000	2 830 400	112 400
61	Opplæring i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarar	1 093 457	1 215 000	1 094 000	- 121 000
Sum endringar					-8 600

Post 60 Integreringstilskott, kan overførast

Arbeids- og inkluderingsdepartementet gjer framlegg om å auke løyvinga til integreringstilskott med 112,4 mill. kroner, frå 2 718 mill kroner til 2 830,4 mill. kroner.

Auken er i all hovudsak knytte til ein auke i utbetaling av integreringstilskott for tidligare busettingsår (etterslep), og ein auke i utbetaling av

tilskott for funksjonshemma. Før har departementet rekna med eit etterslep frå år 2005 på 10 prosent av år 1-tilskottet, mens det i realiteten no er på 30 prosent. I 2006 er det òg eit etterslep på år 2-5 utbetalingane på litt over 5 prosent, der mesteparten er på år 2- tilskott.

Det er vert og ei auke i utbetaling av tilskott til funksjonshemma. Årsaka er at kommunane nå ser

ut til å bruke ordninga i større grad. Det ser òg ut til at ein større del av dei som blir busett utløyser dette tilskottet.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet gjer framlegg om at løyvinga på kap. 651, post 60 Integreringstilskott blir auka med 112,4 mill. kroner.

Post 61 Opplæring i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarak

Løyvinga for 2006 er på 1 215 mill. kroner. Utgiftene ser no ut til å bli om lag 1 094 mill. kroner, eller om lag 121 mill. kroner lågare enn løyvinga. Utgiftene til overgangsordninga blir 882,7 mill. kroner og utgiftene til den nye tilskottsordninga som blei innført 1. september 2006, den såkalla per capita ordninga, blir 211,6 mill. kroner.

Grunna færre deltakarar i overgangsordninga enn det som blei lagt til grunn i saldert budsjett 2006, blir utgiftene til ordninga mindre. For per capita ordninga viser nye utrekningar at 2 400 færre deltakarar vil kome inn under ordninga i 2006. Ein reknar òg med at nye deltakarar som

kjem inn i ordninga frå november 2006 og ut året ikkje vil utløyse tilskott før budsjettåret 2007.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet gjer framlegg om at løyvinga for 2006 på kap. 651, post 61 Opplæring i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarak blir sett ned med 121 mill. kroner.

Post 62 Kommunale tiltak for innvandrarak, kan overførast

Departementet foreslår at posten får stikkordet «kan overførast».

Tilskot frå posten vert utbetalt av IMDi etter søknad frå kommunar om midlar til ulike integreringstiltak. Prosessen med søknad, handsaming og førebuing av prosjekta før eit stykkje ut i året, og dei får heller ikkje avslutta prosjekta i løpet av budsjettåret. Kommunane må betale tilbake pengar som ikkje er brukt i løpet av året på grunn av eit årsprinsippet. Dersom posten får stikkordet kan overførast, vil det kunne føre til betre måloppnåing for dei kommunale prosjekta.

Kap. 3651 Busetting av flyktningar og tiltak for innvandrarak (jf. kap 651)

(1000 kr)

Post	Namn	Rekneskap 2005	Løyving 2006	Forslag 2006	Meirinntekt (+) Mindreinntekt (-)
01	Integreringstilskott for overføringsflyktningar	40 195	72 552	62 752	-9 800

Post 01 Integreringstilskott for overføringsflyktningar, ODA-godkjende utgifter

Arbeids- og inkluderingsdepartementet gjer framlegg om at løyvinga for 2006 på posten blir sett ned med 9,8 mill. kroner. Enkelte utgifter kan i samsvar med statistikkdirektivet frå OECD/DAC (Development Assistance Committee) godkjennast som offi-

siell utviklingshjelp. Grunna mindre utbetaling av integreringstilskott for år 1 i 2006 minkar dei ODA-godkjende utgiftene.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet gjer framlegg om at løyvinga på kap. 3651, post 01 Integreringstilskott for overføringsflyktningar blir sett ned med 9,8 mill. kroner.

Kap. 660 Krigspensjon

(1000 kr)

Post	Namn	Rekneskap 2005	Løyving 2006	Forslag 2006	Meirutgift (+) Mindreutgift (-)
70	Tilskott, militære, <i>overslagsløyving</i>	251 122	246 000	240 000	-6 000
71	Tilskott, sivile, <i>overslagsløyving</i>	606 216	596 000	580 000	-16 000
	Sum endringar				- 22 000

Post 70 Tilskott, militære, overslagsløyving

Løyvinga for 2006 er 246 mill. kroner.

Talet på krigspensjonistar er som forventa, men ein reknar med at den gjennomsnittlege pensjonen for invalidar blir om lag 2 200 kroner lågare

og for enkjer om lag 1 300 kroner lågare enn ein la til grunn i løyvinga.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet gjer framlegg om å redusere løyvinga på kap. 660, post 70 Tilskott, militære med 6 mill. kroner til 240 mill. kroner.

Post 71 Tilskott, sivile, overslagsløyving

Løyvinga for 2006 er 596 mill. kroner.

Ein reknar med at talet på sivile krigspensjonistar går ned med om lag 6,0 pst. frå 2005 til 2006, mot 6,5 pst. som blei lagt til grunn i løyvinga. Samstundes reknar ein med at den gjennomsnittlege pensjonen for invalidar blir om lag 2 200 kroner lågare og for enkjer om lag 1 600 kroner lågare enn ein la til grunn i løyvinga.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet gjer framlegg om å redusere løyvinga på kap. 660, post 71 Tilskott, sivile med 16 mill. kroner til 580 mill. kroner.

Kap. 664 Pensjonstrygda for sjømenn

(1000 kr)					
Post	Namn	Rekneskap 2005	Løyving 2006	Forslag 2006	Meirutgift (+) Mindreutgift (-)
70	Tilskott	638 000	691 000	675 000	-16 000

Post 70 Tilskott

Løyvinga for 2006 er 691 mill. kroner.

Tilskottet til Pensjonstrygda for sjømenn skal dekkje delar av betalingane til pensjon etter trygdelova for pensjon for sjømenn § 15 og underskot i pensjonstrygda etter at fondet til regulering er brukt opp.

Ein ventar no at utgiftene blir 675 mill. kroner i 2006. Dette er 16 mill. kroner lågare enn lagt til

grunn for løyvinga. Årsaka er at utgiftene til pensjon blir noko lågare og at inntektene frå arbeidstakarar blir noko høgare enn det som er lagt til grunn for løyvinga.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet gjer framlegg om å redusere løyvinga på kap. 664, post 70 Tilskott med 16 mill. kroner til 675 mill. kroner for 2006.

Kap. 666 Avtalefesta pensjon (AFP)

(1000 kr)					
Post	Namn	Rekneskap 2005	Løyving 2006	Forslag 2006	Meirutgift (+) Mindreutgift (-)
70	Tilskott	784 120	819 000	860 000	41 000

Post 70 Tilskott

Løyvinga for 2006 er på 819 mill. kroner.

Det er venta at talet på AFP-pensjonistar blir høgare i 2006 enn det som er lagt til grunn for løyvinga. Ein reknar med at det vil vere om lag 12 650 AFP-pensjonistar med tilskott frå staten ved utgan-

gen av 2006, noko som er om lag 1000 fleire enn det som er lagt til grunn for løyvinga.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet gjer framlegg om å auke løyvinga på kap. 666, post 70 Tilskott med 41 mill. kroner til 860 mill. kroner.

Kap. 667 Supplerande stønad til personar over 67 år

(1000 kr)					
Post	Namn	Rekneskap 2005	Løyving 2006	Forslag 2006	Meirutgift (+) Mindreutgift (-)
70	Tilskott, overslagsløyving		157 000	215 000	58 000

Post 70 Tilskott, overslagsløyving

Løyvinga under posten er på 157 mill. kroner i 2006.

Ordninga med supplerande stønad er ny frå 2006. Dei økonomiske konsekvensane av den nye stønadsordninga var vanskeleg å anslå.

Talet på stønadstakarar i 2006 ser ut til å bli 2 300 personar, som er om lag som venta. Det er venta at den gjennomsnittlege stønaden blir på om

lag kroner 101 750. Dette er om lag kroner 33 500 høgare enn det som er lagt til grunn for løyvinga.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet gjer framlegg om å auke løyvinga på kap. 667, post 70 Tilskott med 58 mill. kroner til 215 mill. kroner.

Kap. 670 Nasjonale minoritetar (jf. kap. 3670)

Post 72 Tiltak for rom, kan overførast

Det er i 2006 løyvd 2 mill. kroner over kap. 670, post 72 Tiltak for rom. Posten er ny i 2006 og inneber utvikling av nye tiltak. Arbeids- og inkluderingsdepartementet har, i samarbeid med Oslo kommune og romgruppa, kartlagt kva for tiltak

som kan bidra til å nå målet med løyvinga på ein god måte. Dette arbeidet har vore tidkrevjande, og konkrete tiltak vil bli starta opp før hausten 2006.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet gjer framlegg om at posten får stikkordet «kan overførast».

Kap. 683 Ressurssenter for natur- og reindriftstenester (jf. kap. 3683)

Post 01 Driftsutgifter, kan overførast

Det er i 2006 løyvde kroner 900 000 over kap. 683, post 01 Driftsutgifter til etableringa av eit ressurs-senter for natur- og reinriftstenester. Målet er å omdanne senteret til ei sjølvfinansierande sel-

skapsform i løpet av 2007. Etableringa av senteret har synt seg å vere eit krevjande nybrottsarbeid, og oppstarten er vesentleg forseinka.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet gjer framlegg om at kap. 683, post 01 Driftsutgifter får stikkordet «kan overførast».

Kap. 690 Utlendingsdirektoratet (jf. kap. 3690)

(1000 kr)

Post	Namn	Rekneskap 2005	Løyving 2006	Forslag 2006	Meirutgift (+) Mindreutgift (-)
22	Spesielle driftsutgifter, tolk og oversetting	17 764	24 319	21 719	-2 600
75	Reiseutgifter for flyktningar til og frå utlandet, kan overførast	8 549	14 050	5 550	-8 500
Sum endringar					-11 100

Post 22 Spesielle driftsutgifter, tolk og oversetting

I rammene for 2006 er det lagt til grunn at 5 500 personar vil søke asyl og ein intervju- og eignerklæringsandel på 70 pst. Tal hittil i 2006 viser at disse delane har gått noe ned. Dette gir nye anslag på behovet for løyvingar.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet gjer framlegg om å redusere løyvinga over kap. 690, post 22 Spesielle driftsutgifter, tolk og oversetting med 2,6 mill. kroner.

Post 75 Reiseutgifter for flyktningar til og frå utlandet, kan overførast

Budsjettrammen på posten er 18,4 mill. kroner. Av dette er 4,35 mill. kroner overført løyving frå 2005. Løyvinga utover overført beløp frå 2005, er rekna ut frå 1 550 reisande og ein kostnad per reise på 8 689 kroner. I tillegg kommer UDI sin avtale med Norsk Folkehjelp om mottak av overføringsflyktningar som kjem til landet på omtrent 0,6 mill. kroner. Tall for UDI sitt rekneskap i 2005 viser at ein gjennomsnittleg reise kostar omtrent 6 000 kroner. Legg ein denne prisen til grunn, er behovet på posten 9,9 mill. kroner (0,6 + 9,3).

Arbeids- og inkluderingsdepartementet gjer framlegg om å redusere løyvinga over kap. 690, post 75 Reiseutgifter for flyktningar til og frå utlandet med 8,5 mill. kroner.

Kap. 3690 Utlendingsdirektoratet (jf. kap. 690)

(1000 kr)

Post	Namn	Rekneskap 2005	Løyving 2006	Forslag 2006	Meirinntekt (+) Mindreinntekt (-)
03	Reiseutgifter for flyktningar til og frå utlandet	4 263	13 769	9 669	-4 100

Post 03 Reiseutgifter for flyktningar til og frå utlandet, ODA- godkjende utgifter

Utgifter til transport av flyktningar til og frå Noreg kan i samsvar med OECD/DAC sitt statistikkdirektiv i sin heilskap godkjennast som offisiell utviklingshjelp. Tall viser at 98 pst. av personane ein

betalar reise for kjem frå ODA-land, jf. omtale på kap. 690, post 75 Reiseutgifter for flyktningar til og frå utlandet.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet gjer framlegg om å redusere løyvinga over kap. 3690, post 03 Reiseutgifter for flyktningar til og frå utlandet med 4,1 mill. kroner.

Kap. 3691 Utlendingsnemnda (jf. kap. 691)

Post 01 Tilfeldige inntekter

Som følge av at UNE sporadisk har inntekter i form av bl.a. lønnsrefusjonar når medarbeidarar har kortare oppdrag ved annen verksemd, for eksempel ved ein ambassade, og UNE fortsatt utbetalar lønn til vedkommande, gjerast det framlegg om at det blir oppretta ein inntektspost med

tilhørande meirinntektsfullmakt. Denne posten og meirinntektsfullmakta er tatt inn i St.prp. nr. 1 (2006-2007).

Arbeids- og inkluderingsdepartementet gjer framlegg om å opprette ein inntektspost med tilhørande meirinntektsfullmakt med nemninga Kap. 3691, post 01 Tilfeldige inntekter.

Kap. 2541 Dagpengar

(1000 kr)

Post	Namn	Rekneskap 2005	Løyving 2006	Forslag 2006	Meirutgifter (+) Mindreutgifter (-)
70	Dagpengar, <i>overslagsløyving</i>	9 611 381	7 700 000	6 300 000	-1 400 000

Post 70 Dagpengar, overslagsløyving

I forbindelse med Revidert nasjonalbudsjett blei dagpengeløyvinga for 2006 redusert med 980 mill. kroner frå 8 680 til 7 700 mill. kroner. På grunn av utviklinga i arbeidsløysa dei siste månadane, utbetalingane hittil i år og utsiktene på arbeidsmarkna

den framover vil utbetalingane til dagpengar bli lågare enn det som blei lagt til grunn i forbindelse med Revidert nasjonalbudsjett.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet gjer framlegg om å redusere løyvinga under kap. 2541, post 70 Dagpengar med 1 400 mill. kroner til 6 300 mill. kroner.

Kap 2542 Statsgaranti for lønnskrav ved konkurs m.v. (jf. kap. 5704)

(1000 kr)

Post	Namn	Rekneskap 2005	Løyving 2006	Forslag 2006	Meirutgift (+) Mindreutgift (-)
70	Statsgaranti for lønnskrav ved konkurs m.v., <i>overslagsløyving</i>	425 731	440 000	388 000	-52 000

Post 70 Statsgaranti for lønnskrav ved konkurs m.v., overslagsløyving

Løyvinga for 2006 er 440 mill. kroner.

Utbetalinger og tal på saker ved utgangen av august 2006 er lågare enn på same tidspunkt i 2005 og de anslag som låg til grunn for løyvinga i 2006.

Hovudårsaka til nedgangen i utbetalingane er ein generell nedgang i tal på konkurs i 2006. Tala viser ein nedgang frå 1 328 pr. september i fjor til 1 015 pr. september i år.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet gjer framlegg om å redusere løyvinga under kap. 2542, post 70 Statsgaranti for lønnskrav ved konkurs med 52 mill. kroner, frå 440 til 388 mill. kroner.

Kap. 5704 Statsgaranti for lønnskrav ved konkurs m.v. (jf. kap. 2542)

(1000 kr)

Post	Namn	Rekneskap 2005	Løyving 2006	Forslag 2006	Meirinntekt (+) Mindreinntekt (-)
02	Dividende	179 018	100 000	142 000	42 000

Post 02 Dividende

Løyvinga for 2006 er 100 mill. kroner.

Endringa er basert på rekneskapen ved utgangen av august 2006 og anslag for heile året. Fleire

store bo vil bli avslutta før årsskiftet. Dette vil påverke inntektene signifikant.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet gjer framlegg om å auke løyvinga under kap. 5704, post 02 Dividende med 42 mill. kroner, frå 100 til 142 mill. kroner.

Kap. 2543 Ytingar til yrkesretta attføring

(1000 kr)

Post	Namn	Rekneskap 2005	Løyving 2006	Forslag 2006	Meirutgift (+) Mindreutgift (-)
70	Attføringspengar, <i>overslagsløyving</i>	10 649 000	11 268 100	10 903 000	- 365 100
71	Attføringsstønader, <i>overslagsløyving</i>	1 459 000	1 408 000	1 327 000	- 81 000
	Sum endringar				- 446 100

Post 70 Attføringspengar, overslagsløyving

Løyvinga for 2006 er 11 268 mill. kroner.

Utviklinga så langt i år viser høgare avgang frå ordninga enn venta. Det har og samla vorte færre mottakarar av attføringspengar. Den underliggjande veksten i talet på attføringspengemottakarar er redusert frå -1,2 pst. til -2,0 pst., samanlikna med gjeldande budsjett for 2006. I tillegg er den årlege veksten i ytinga pr. mottakar redusert frå 6,0 pst. til 5,6 pst.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet gjer framlegg om å redusere løyvinga under kap. 2543, post 70 Attføringspengar med 365,1 mill. kroner til 10 903 mill. kroner.

Post 71 Attføringsstønader, overslagsløyving

Løyvinga for 2006 er 1 408 mill. kroner.

Utgiftene så langt i år har vore lågare enn venta. Årsaka er at utgiftene til stønad til skolegang, som er den største enkeltstønaden på posten, er rekna å gå ned med 9 pst. i 2006. Men også utgiftene til andre stønader, som mellom anna stønad til barne-tilsyn, er venta å bli redusert.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet gjer framlegg om å redusere løyvinga under kap. 2543, post 71 Attføringsstønader med 81 mill. kroner til 1 327 mill. kroner

Kap. 2600 Trygdeetaten

		(1000 kr)			
Post	Namn	Rekneskap 2005	Løyving 2006	Forslag 2006	Meirutgift (+) Mindreutgift (-)
01	Driftsutgifter	5 185 794	5 060 545	2 726 749	-2 333 796
21	Spesielle driftsutgifter	15 344	15 283	6 003	-9 280
45	Større utstyrsanskaffelser og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	171 702	150 389	60 979	-89 410
Sum endringar					-2 432 486

Arbeids- og velferdsetaten blei oppretta 1.7.2006. Trygdeetaten blei samstundes lagt ned. Løyvinga som per 30.6.2006 ikkje er nytta under kap. 2600 blir, med unntak av løyvinga til IKT-investeringar til pensjonsreforma, foreslått ført opp under nytt kap. 605 Arbeids- og velferdsetaten. Samla løyving til IKT-investeringar til pensjonsreforma i 2006, 132,1 mill. kroner, blir ført opp på kap. 604 Ny arbeids- og velferdsforvaltning.

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga på kap. 2600, post 01 Driftsutgifter, medrekna lønnsoppgjøret per 1.mai 2006, er i år 5 060,545 mill. kroner. Restløyvinga per 30.6.2006 er 2 333,796 mill. kroner. Av dette gjer ein framlegg om at løyvinga til IKT pensjonsprosjektet på 132,1 mill. kroner blir ført opp under kap. 604, jf. omtale under kap. 604, postane 21 og 45, medan 2 201,696 mill. kroner blir ført opp under kap. 605 Arbeids- og velferdsetaten.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet gjer framlegg om å redusere løyvinga på kap. 2600, post 01 tilsvarande. Merutgifter foreslås dekket inn ved

reduksjon av bevilgningen under kap. 634, post 21 Evaluering, utviklingstiltak m.v.

Post 21 Spesielle driftsutgifter

Løyvinga på denne posten er i år på 15,283 mill. kroner. Restløyvinga per 30.6.2006 er 9,280 mill. kroner.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet gjer framlegg om at restløyvinga blir ført opp under kap. 605, post 21 Spesielle driftsutgifter, og at løyvinga på kap. 2600, post 21 Spesielle driftsutgifter blir redusert tilsvarande.

Post 45 Større utstyrsanskaffelser og vedlikehald, kan overførast

Løyvinga på denne posten er i år 150,389 mill. kroner. Restløyvinga per 30.6.2006 er 89,410 mill. kroner.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet gjer framlegg om at restløyvinga blir ført opp under kap. 605, post 45 Større utstyrsanskaffelser og vedlikehald, og at løyvinga på kap. 2600, post 45 Større utstyrsanskaffelser og vedlikehald blir redusert tilsvarande.

Kap. 2603 Trygderetten

		(1000 kr)			
Post	Namn	Rekneskap 2005	Løyving 2006	Forslag 2006	Meirutgift (+) Mindreutgift (-)
01	Driftsutgifter	54 715	52 253	52 903	650

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga for 2006 er 52, 253 mill. kroner.

Trygderetten hadde ved starten av budsjettåret ei større bemanning enn det løyvinga isolert sett gir rom for. Trygderetten har derfor innført stopp i tilsetjinga og gjennomført ein plan for innsparing.

Ved utgangen av budsjettåret 2006 har Trygderetten eit ytterlegare behov på 650 000 kroner.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet gjer framlegg om å auke løyvinga under kap. 2603, post 01 Driftsutgifter med 650 000 kroner til 52, 903 mill. kroner. Merutgifter foreslås dekket inn ved reduksjon av bevilgningen under kap. 634, post 21 Evaluering, utviklingstiltak m.v.

Kap. 2650 Sjukepengar

(1000 kr)

